

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 27.

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sigdal

Emne: Fisk i kosthaldet

Bygdelag: Sigdal og Eggedal

Oppskr. av: Andreas Mörch

Gard:

(adresse): Prestfoss.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

3. Det vart kjøpt ikkje lite tørrfisk. Når karane var til byen(Branes), kjøpte dei med seg tørrfisk som vart hengt opp på stabburet. Men viktigaste fisken var silda, så av den kjøpte fisken. Det vart kjøpt kvartel, halve og heile tynner med sild. Ofte var to-tre husstandar saman om ei tynne. Det var rimelegare innkjöp på tynna, og folk trengte så mykje sild. Men ettersom det kom landhandlarar i bygda, var sild av dei varene dei selte mest. Folk kjøpte sild i trespann og fekk lake på, "döm hadde me sei ei silleringe frå kremarn." På gardane sto sildetynna i kjellaren, det var sild og willing to gonger i veka, bort i småstellune vart det jamnare og. "Den som hadde sill og tåffel, svalt ikkje."

Tørrfisken vart luta til lutefisk, det var grom mat för. Det var jamvel julekveldsmat, men nå er det jamt slutt med lutefisken. Under siste krigen vart det luta ikkje lite fisk, men så snart krigen var slutt, var det slutt med lutefisken og.

Utover etter 1900 vart garnsilda vanleg på ettervinteren.

Salt torsk og kleppfisk er det brukta ikkje så lite av.

Røykt kolje og sild er i bruk, fersk frosen fisk, og fisk i is av ymse slag, så som makrell, torsk, småsild, flyndre, kveite, kviting, lange og kolje. Det går fiskebil to gon-

10183

ger i veka, alt i 1930 gjekk det fiskebil etter dalen.

Butikkane tar opp fisk frå fiskehandlarar i Drammen. På den måten kjem det ikkje lite fisk her nå, og bruken av saltvassfisk er auka til det mangedoble bare på 30 år.

Likevel går det ikkje så mykje salt sild og törrfisk som før. For 30-40 år sia hörte ein enda om eldre folk som ikkje lika saltvassfisk. Han gamle Nils var ein. "Men je lura'n Nils så godt," fortalte kona omkr. 1920. "Je hadde fått tak i noko rekti <sup>fersk</sup> fin/torsk. Nå visste'n Nils at vi hadde fått aure frå Lövnesvatne, og fisk va'n gla i, men sjöfisk ville'n ikkje smaka. Så stekte je ei panne me. torsk, je stekte'n rekti godt i smör og sette'n fram te'n. Je sa ikkje noko. Og han Nils, han åt så godt atte." Han Nils sat og hörte på, han lika ikkje dette. "Ja, de va den gången, de, de går ikkje ein gång te," sa han.

Den ferske saltvassfisken "va så vassin" sa dei gamle.

11. Det er aure, tryte, sik og reie som er etande fisk her. Det finns ål i fjorden, vi får han på line. Men det er ikkje mange som vil eta slik fisk. "Han lignar så örm."

12. "Döm fiska litte heile såmmårn, me teine, går og ~~står~~ stång, men om hösten vart de meste tikji. Döm fiska me isgår om vintern. Stångfiskinga vart mest i elva, de va markehåpp. Trita tok döm mest i teina om vårn og i trite-gårn utover såmmårn. Reia vart fiska i går om såmmårn og hösten, på tremark og krok på isen om vintern. Siken tok döm oppi elva ve Hole og Båse om hösten me vö og me går. Der de va godt fiske, vart de fisk mest heile åre."

(Jöran Vika, 1855-1935, og andre.)

16. "Rakafisken va helst aure og reie og vart lagt ne för de meste om hösten. Döm raka trite au, tile på såmmårn, og hadde raka trite te meddas i slätten. Dei siste je veit <sup>som</sup> om raka trite, va Fjöslikarane, der åt je raka trite i slätten i 1880-åra. Rakafisken vart lagt ne i saltlaka

så sterkt at ei rå potetskive flaut, eller vart dansandøs opp og ned i lakan." - Fersk fisk som skulle nyttas til middagsmat, vart salta og låg to-tre dagar og vart saltbitin. (Anders Svarverud).

17. För ville dei fleste helst ha kokt fisk. Han skulle ikkje vera fersk, men 2-3 dagar gamal. Han vart koka i vatn, men var salta så pass för, at dei ikkje salta kokevatnet. Fisken vart jamt servert kald med smör, bröd og varme potetar til. Nå blir <sup>r</sup>gjene fisken stekkt i smör eller fleskefett, auren i smör, tryta i fleskefett. Mange kokar fisken før å få sö til fiskesuppe. För var det alltid så at det skulle vera fiskesuppe til koka fisk. (Vanl.)

20. Det vart lite luta fisk her etter 1900. För vart det luta på gardane. Under siste krigen var det ein baker her som tok seg til å lute fisk for folk. Han luta i store treholkar. Men som det før er nemnt, er det få eller ingen som ēt lutefisk her nå, butikkane förer ikkje lutefisk.

22. Fiskesuppa var vanleg, og er det, om ikkje så mykje som for 30-40 år sia. Når dei koka fisk, tok dei söet og sette på ei jamning av mjölk og kveitemjöl, hadde i koka potet og gulrot (det er forresten nyare), graslauk hörte til i fiskesuppa. Ville dei ha riktig god suppe, hadde dei i litt flöyte og gjerne et rått egg i <sup>am</sup>jamninga.

"Den tia vi hadde bare graslauk i fiskesuppa, tok vi jent og renska ein täffel hell to og hadde oppi, og så åt vi nå flabrö attåt." (GF, vanl.) Fiskesuppa har vore i bruk så lenge folk minns nå.

23. Det vart av ferskvassfisk dei laga fiskesuppa, beste suppa vart av tryta, men dei laga og suppe av aure, röye og sik. (Vanl. AM)

24. Silda var middagsmat. Jöran Vika fortalte i 1928 :  
"Kjäringa va te kjellars etter sill. Ho tok tor tinna.  
(Dette gjeldt Strand, övre Sigdal, omkr. 1870) Silla la'o

på ein tredisk. Denna vart sett på bore. Vi tok te iuss sillar me nevan, gaflar og knivar vart ikkje bruka noko da, ana te fint. Vi vrei hugu og rompa tå sillar, og reiv ut görra me fingane. Talikar hadde vi ikkje, så vi la' o på ein bröbeta på bore. Vi kunne nå få lånt knivane te karanne sommetir, men de jikk nessen ikkje an, før döm bruka döm te å karve ~~tob~~bak me. Attåt sillar va're tåffel. Vi bridde sjeldan me å ta sjinne tå tåffeln. Jore vi de, reiv vi're tå me neglane. Tåffeln va sett fram i et stort traug.

Og så va're survilling. Vi åt helst på den måten at vi reiv betar tå sillar og la möllöm bröbetar. Så ~~d~~uppa vi detta ni villingfate og åt. Detta va helst nå'röm va tåffel-lense. Da måtte brö jóra ut för tåffeln." (JV-28)

" De va döm som la sillar i glohaugen og stekt'o slekk, og åt'o me tåffel attåt." (*Sigdal*)

25. Sildegryn er ukjent her.

26. Fiskepudding er ingen gamal rett her. Det var dei ~~minnem~~ siste åra före förste verdenskrigen at dei tok til å ~~läge~~ fiskepudding på gardane. Jentene ~~lärt~~e på husmorskolane. Sia vart puddingen kjøpt ferdig, helst hermetisk. Nå kjøper dei ferdiglaga fiskepudding frå byen. Han blir nytta som förrett ~~med~~ <sup>i</sup> lag, men og i heimane til kvardags.

27. Det blir kjøpt ferdiglaga fiskekaker og fiskebollar nå, men dei har kjøpt hermetiske kaker og bollar i 50-60 år alt.

32. Rogna vart steikt og var rekna som god mat, det var rogn av aure helst.

37, 38, skaldyr. Vi har bare elvemuslingen, men den er ikkje nytta til mat i manns minne.